



BREMANGER KOMMUNE

Kommunedelplan Rugsund – Leirgulen

Planen datert: **Dato: 05.02.2010**
Revisjonar: **Dato:** A)18.02.2010, B)01.02.2011, C)04.03.2011, D)05.09.2012
E)14.05.2013, F)23.10.2014

Sakshandsaming/ vedtak:	Dato	Sak nr.
Kunngjering planoppstart	04.04.2008	
Formannskapet:	16.02.2010	FSK-025/10
Offentleg ettersyn	12.03.2010 – 23.04.2010	
Formannskapet:	15.06.2010	FSK-117/10
Formannskapet:	19.10.2010	FSK-155/10
Formannskapet:	15.02.2011	FSK-024/11
Offentleg ettersyn, 2. gong	04.04.2011 – 16.05.2011	
Formannskapet:	18.10.2011	FSK-173/11
Formannskapet:	12.06.2012	FSK-103/12
Offentleg ettersyn, 3. gong	30.11.2012 – 12.01.2013	
Formannskapet:	07.03.2013	FSK-032/13
Kommunestyret:	21.03.2013	KS-014/13 (unntatt omr. på Storøyna)
Formannskapet	10.04.2014	FSK-037/14 (tillegg omr. på Storøyna, RevF)
Kommunestyret:	24.04.2014	KS-021/14 (tillegg omr. på Storøyna, RevF)

FØRESEGNER

§ 1 VERKEOMRÅDE OG FORHOLD TIL EKSISTERANDE PLANAR

§ 1.1 Verkeområde

Føresegner og retningslinjer gjeld for Arealdelen til kommunedelplan for Rugsund – Leirgulen 2010-2020, vedteken av Bremanger kommunestyre den 21.03.2013, samt tillegg for eit mindre område på Storøyna (FT2, LNFR-B2, H3) vedteken av Bremanger kommunestyre den 24.04.2014. Tillegget er vist på eige plankart (RevF), som gjeld i tillegg til hovudplankart (RevE).

§ 1.2 Forhold til eksisterande planar (pbl § 1-5)

Kommunedelplanen med føresegner gjeld framfor eldre planar og føresegner.

Følgjande reguleringsplanar innafor planområdet, skal gjelde slik dei er godkjente:

- Reguleringsplan for Rv 616 Bremangersambandet del 2, Parsell Kolset – Bortnen, godkjent 19.12.2007, stadfest 17.05.2008. Heile reguleringsplanområdet.
- Reguleringsplan for kaiområde i Leirgulen, godkjent 10.03.2009. Heile reguleringsplanområdet.
- Reguleringsplan for bustad-/hytteområde på Kolset, godkjent i 1996. Del av reguleringsplanområdet som er regulert til bustad, og som inngår i område B i kommunedelplanen.
- Reguleringsplan for utbetring av Fv 573, ved Rugsund Kyrkje, godkjent 25.04.1996. Heile reguleringsplanområdet.
- Reguleringsplan for utbetring av Fv 573, ved Rugsund bru, godkjent 25.04.1996. Heile reguleringsplanområdet.
- Reguleringsplan for utbetring av Fv 573, ved møteplass Rugsundstraumen, godkjent 25.04.1996. Heile reguleringsplanområdet.
- Reguleringsplan for Rv 616 Bremangersambandet, Parsell Kolset – Klubben, godkjent 28.02.1995. Delar av reguleringsplanområdet.

§ 2 GENERELLE FØRESEGNER

Dei generelle føresegnene gjeld for alle område innanfor kommunedelplanen, uavhengig av planformål.

§ 2.1 Rekkjefølgjekrav (pbl § 11-9, nr. 4)

I byggeområda skal ikkje utbygging skje før følgjande forhold er tilfredsstillande:

- Vegtilkomst
- Vassforsyning
- Avløp
- Samfunnstrygging m.o.t flaumfare, rasfare, steinsprang osb.

§ 2.2 Tilgjenge for alle (pbl § 11-9 nr.5)

Ved planlegging, utbygging og gjennomføring av tiltak, skal det sikrast god tilgjenge for alle grupper av befolkninga (inkl. rørslehemma, orienteringshemma, miljøhemma m.fl.). Vurderingar og funksjonsnivå skal dokumenterast gjennom planar og søknader om tiltak. Publikumsretta bruksareal i alle bygg for servering, overnatting og allmennyttige formål skal etterstrebe utforming som sikrar tilgjenge for alle, og alle felles uterom skal ha utforming med vekt på tilgjenge for alle. Vurderingar og funksjonsnivå skal dokumenterast gjennom planar og søknader om tiltak.

§ 2.3 Krav til minste uteopphaldsareal (pbl § 11-9 nr.5)

For alle bueingar med meir enn 2 rom, skal det i rimeleg nær tilknytning til bustaden vere uteopphaldsareal som er eigna til rekreasjon, leik og opphald. Det skal vere minimum 50 m² felles uteareal/bueining.

Ved oppføring av 4 eller fleire bueingar, skal det avsettast og opparbeidast felles tilfredsstillande leike- og opphaldsareal. Fellesarealet skal ferdigstillast før mellombels bruksløyve eller ferdigattest vert gitt.

Uteopphaldsareal skal mellom anna tilfredsstillast følgjande krav:

- Tilkomsten skal vere trygg og skal utformast slik at personar med nedsett funksjonsevne kjem seg fram.
- Arealet skal ha soner for leik og sosialt samvere
- Arealet skal utformast slik at ein kan gjere varierte aktivitetar ved dei ulike årstidene.

§ 2.4 Krav til parkeringsdekning (pbl § 11-9 nr.5)

Det vert stilt følgjande krav til parkeringsdekning

- Bustader skal ha oppstillingsplass for bil på eigen eigedom eller på fellesareal. For kvar bustadeining skal det vere min. 2,5 oppstillingsplassar, inkl. gjesteparkering.
- Næringsverksemdar skal ha oppstillingsplass for bil på eigen eigedom eller på fellesareal. For kvar 100 m² bruttoareal, skal det vere 1 oppstillingsplass.
- Anna utbygging, der spesielle forhold gjer seg gjeldande, skal ha oppstillingsplass for bilar og forsvarleg inn og utkøyring. Kommunen skal i kvart einskild tilfelle godkjenne tal parkeringsplassar.

§ 2.5 Krav til utomhusplan (pbl § 11-9 nr.5)

Ved utbygging til bustadformål ved 4 eller fleire bueingar, til nærings-/forretningsformål eller til offentleg formål, skal det utarbeidast og sendast inn utomhusplan i samband med søknad om løyve til tiltak. Utomhusplan må vere godkjent av kommunen før byggeløyve vert gitt, og utomhusplanen skal vere gjennomført seinast eit år etter at mellombels bruksløyve er gitt.

Det skal gå fram av planen korleis byggetiltaket tek omsyn til eksisterande terreng og vegetasjon, korleis uteområda er tenkt utforma med omsyn til tekniske installasjonar og fysisk tilrettelegging. Utomhusplanen skal vise følgjande:

- Overvassystem med høgder, sluk og evt. andre oppsamlingssystem
- Murar og gjerde med høgder og materialval
- Overflate av terreng (asfalt, betong, grus, plan, naturleg vegetasjon mm)
- Leikeplassar

- Tilkomst for rørsle- og orienteringshemma
- Biloppstillingsplassar
- Eksisterande og planlagt vegetasjon og terreng

§ 2.6 Estetisk kvalitet (pbl §§ 11-9 nr.5 og 6 og 11-11 nr.1)

Dei estetiske sidene ved eit tiltak skal utgreiast i alle plan- og byggesaker. I utgreiinga skal det inngå vurdering av korleis tiltaket/planen framstår både i forhold til seg sjølv, omgjevnadene og fjernverknadane.

Byggverk (bygg, veg- og kaianlegg, andre tekniske anlegg mm) og offentlege uterom skal ha arkitektonisk kvalitet både teknisk, funksjonelt og visuelt. Det skal sikrast god estetisk utforming som avspeglar funksjonen til tiltaket og som er i samspel med omgjevnadene. Det skal ved materialval takast omsyn til lokale klimatilhøve. Bygg skal vere permanente.

§ 2.7 Natur og miljøomsyn (pbl § 11-9 nr.6)

Ved planlegging i utbyggingsområde skal det takast omsyn til:

- Viktige leveområde for plantar og dyr
- Viktige ålmenne friluftssinteresser
- Eksisterande vegetasjon og terreng
- Tiltak skal underordne seg landskapet, slik at dei ikkje bryt horisontliner eller kjem i konflikt med andre markerte landskapstrekk

§ 2.8 Omsyn til bevaring av eksisterande bygg og kulturmiljø (pbl § 11-9 nr.7)

Ved planlegging i utbyggingsområde skal det takast omsyn til:

- Det kan ikkje byggast nærare Rugsund kyrkje enn 60 meter
- Det kan ikkje gjerast tiltak innanfor sone vist som bandlegging etter lov om kulturminne, med unntak av særskilde tiltak godkjent av kulturstyresmaktene.

§ 2.9 Energi

Alle nye bygg skal vurdere energifleksibilitet og alternative løysingar for varme og kjøling.

§ 3 OMRÅDE FOR BYGG OG ANLEGG

§ 3.1 Bustader (pbl § 11-9 nr.5 og 6)

Innanfor område for bustader (B og B0 – B3) gjeld følgjande:

- Tomtar kan frådelast i ein storleik opp mot 1,5 daa
- På kvar tomt kan det byggast ut ein bustad
- %BYA skal ikkje overstige 20%
- Gesimshøgde skal ikkje overstige 7m
- Ved vesentleg rehabilitering, oppføring av nye bygg eller andre tiltak i område inntil framtidig Fv616 (Bremangersambandet del 2), skal behov for støyttiltak vurderast.
- Byggegrense mot vassdrag med årssikker vassføring skal vere min. 30 meter målt frå yste elvekant.
- Ved bygging lågare enn på kote 3 moh, skal det i søknad om tiltak visast kva tiltak som er planlagt for å redusere skadeverknadane av stormflo. Jfr. og § 7.1.2.

Krav om reguleringsplan (pbl § 11-9 nr.1):

- Område B1 og B2 skal inngå i reguleringsplan, detaljregulering etter pbl §§ 12-1 og 12-3, før tiltak nemnd i pbl kap. 20 kan finne stad. Byggegrenser vert å fastsette i detaljplanen. Støy skal inngå i Risiko og sårbarheitsanalyse (ROS) knytt til detaljplanen. For område B2 skal også rasfare inngå i ROS-analysen.

For område B og B0 gjeld følgjande:

- Byggegrense mot sjø skal følgje eksisterande bygnad.
- Byggegrense mot fylkesveg, skal vere min. 15 meter frå senterline veg.

For område B0 gjeld følgjande:

- Ved vesentleg rehabilitering, oppføring av nye bygg eller andre tiltak i områda, skal geolog vurdere om det er naudsynt med sikringstiltak mot rasfare.

For område B2 gjeld følgjande:

- Det skal ligge føre geologisk vurdering i høve til rasfare i området, før planarbeid eller tiltak vert sett i verk.
- Utbygging skal skje på ein slik måte at freda kulturminne vert ivareteke.

For område B3 gjeld følgjande:

- Det skal etablerast felles tilkomstveg med eksisterande bustadtomt.
- Det må dokumenterast tilfredsstillande støyforhold, før byggeløyve kan vurderast
- Byggegrense mot fylkesveg, skal vere min. 15 meter frå regulert senterline veg.

§ 3.2 Fritidsbustader (pbl § 11-9 nr.5 og 6)

Innanfor område for fritidsbustader (H og H0 – H8) gjeld følgjande:

- Tomtar kan frâdelast i ein storleik opp mot 2 daa
- På kvar tomt kan det byggast ut ei hytte
- Største bygg kan vere opp til BRA=150 m²
- %BYA skal ikkje overstige 15 % -
- Hyttene skal plasserast og utformast slik at dei best mogeleg underordnar seg naturpreget i området. Det er ikkje tillate å planere meir enn det som er naudsynt for plassering av hytta.
- Gesimshøgde skal ikkje overstige 6m
- Byggegrense mot vassdrag med årssikker vassføring skal vere min. 30 meter målt frå yste elvekant.
- Ved bygging lågare enn på kote 3 moh, skal det i søknad om tiltak visast kva tiltak som er planlagd for å redusere skadeverknadane av stormflo. Jfr. og § 7.1.2.

Krav om reguleringsplan (pbl § 11-9 nr.1):

- Område H1, H2, H3 og H7 skal inngår i detaljreguleringsplan etter pbl §§ 12-1 og 12-3, før tiltak nemnd i pbl kap. 20 kan finne stad. Byggegrenser vert å fastsette i detaljplanen.

For område H0 gjeld følgjande:

- Ved vesentleg rehabilitering, oppføring av nye bygg eller andre tiltak i områda, skal geolog vurdere om det er naudsynt med sikringstiltak mot rasfare.

For område H1 gjeld følgjande:

- Støy skal avklarast som del av detaljreguleringsplanarbeid, inngå i ROS-analyse.
- Landskapstilpassing skal vidareførast i arbeidet med detaljreguleringsplanen, gjennom lokalisering av tiltak og avpassing av omfang og volum.

For område H4 gjeld følgjande

- Byggegrense mot fylkesveg, skal vere min. 15 meter frå senterline veg, og same gjeld for byggegrense mot sjø.

For område H5 gjeld følgjande:

- Byggegrense mot sjø følgjer formålsgrense.
- Det kan etablerast inntil 3 hytter i området.
- Steingard som ligg i formålsgrense i sør, må ikkje forringast av utbygginga

For område H6 gjeld følgjande

- Byggegrense mot sjø følgjer formålsgrense.

For område H7 gjeld følgjande:

- Byggplassering i landskapet skal vektleggast særskilt
- Tilkomstveg til hyttefeltet skal avklarast som del av planarbeid for området, med særskilt vekt på terrengtilpassing.

For område H8 gjeld følgjande:

- Det må utførast geologisk undersøking i høve til rasfare før løyve til tiltak/utbygging kan vurderast.
- Det må dokumenterast tilfredsstillande støyforhold, før byggeløyve kan vurderast.

§ 3.3 Forretning (pbl § 11-9 nr.5 og 6)

Innanfor område for forretning (Fo og Fo1) gjeld følgjande:

- Ved bygging lågare enn på kote 3 moh, skal det i søknad om tiltak visast kva tiltak som er planlagd for å redusere skadeverknadane av stormflo. Jfr. og § 7.1.2.
- %BYA skal ikkje overstige 60%
- Gesimshøgde skal ikkje overstige 8m

For område Fo1 gjeld følgjande:

- Bygg og uteområde skal utformast slik at alle brukarar (inkl. rørsle-, orienterings- og miljøhemma) vert sikra tilgjenge.

Krav om reguleringsplan (pbl § 11-9 nr.1):

- Område Fo1 skal inngår i reguleringsplan, detaljregulering etter pbl §§ 12-1 og 12-3, før tiltak nemnd i pbl kap. 20 kan finne stad. Byggegrenser vert å fastsette i detaljplanen.

§ 3.4 Tenesteyting (pbl § 11-9 nr.5 og 6)

Innanfor område for tenesteyting gjeld følgjande:

- Område merkt S er område for skule, skuleområde og barnehage
- Område merkt T er område for tekniske anlegg (høgdebasseng, kraftstasjon og brannstasjon)

For område S gjeld følgjande:

- Eksisterande skule og skuleområde med barnehage, eigd av det offentlege.
- Alle utbyggingstiltak, innom- og utomhus, skal utformast slik at alle brukarar (inkl. rørsle-, orienterings- og miljøhemma) vert sikra tilgjenge.
- %BYA skal ikkje overstige 40%
- Gesimshøgde skal ikkje overstige 8m
- Byggegrense mot sjø skal følgje eksisterande bygnad.
- Byggegrense mot vassdrag med årssikker vassføring skal vere min. 30 meter målt frå yste elvekant.
- Byggegrense mot fylkesveg, skal vere min. 15 meter frå senterline veg.

For område T1 gjeld følgjande:

- Eksisterande høgdebasseng, eigd av det offentlege.
- Ved vesentleg rehabilitering, oppføring av nye bygg eller andre tiltak i områda, skal geolog vurdere om det er naudsynt med sikringstiltak mot rasfare.
- %BYA skal ikkje overstige 90%
- Gesimshøgde skal ikkje overstige 8m
- Byggegrense følgjer formålsgrense.

For område T2 gjeld følgjande:

- Eksisterande kraftstasjon, eigd av privat kraftselskap.
- Ved vesentleg rehabilitering, oppføring av nye bygg eller andre tiltak i områda, skal geolog vurdere om det er naudsynt med sikringstiltak mot rasfare.
- %BYA skal ikkje overstige 60%
- Gesimshøgde skal ikkje overstige 10m
- Byggegrense mot sjø skal følgje eksisterande bygnad.
- Byggegrense mot vassdrag med årssikker vassføring skal vere min. 30 meter målt frå yste elvekant.
- Byggegrense mot fylkesveg, skal vere min. 15 meter frå senterline veg.

For område T3 gjeld følgjande:

- Eksisterande brannstasjon, eigd av det offentlege.
- %BYA skal ikkje overstige 40%
- Gesimshøgde skal ikkje overstige 6m
- Byggegrense mot sjø skal følgje eksisterande bygnad.
- Byggegrense mot fylkesveg, skal vere min. 15 meter frå senterline veg.

§ 3.5 Fritids- og turistformål (pbl § 11-9 nr.5 og 6)

Innanfor område for fritids- og turistformål (FT og FT0 – FT7) gjeld følgjande:

- Det kan ikkje fradelast einskildtomtar
- Bygg skal plasserast og utformast slik at dei best mogeleg underordnar seg naturpreget i området og tradisjonell byggeskikk.
- %BYA skal ikkje overstige 60 %
- Gesimshøgde skal ikkje overstige 6m
- Byggegrense mot vassdrag med årssikker vassføring skal vere min. 30 meter målt frå yste elvekant.
- Ved bygging lågare enn på kote 3 moh, skal det i søknad om tiltak visast kva tiltak som er planlagd for å redusere skadeverknadane av stormflo. Jfr. og § 7.1.2.

Krav om reguleringsplan (pbl § 11-9 nr.1):

- Område FT1, FT2, FT4 og FT7 skal inngår i reguleringsplan, detaljregulering etter pbl §§ 12-1 og 12-3, før tiltak nemnd i pbl kap. 20 kan finne stad. Byggegrenser vert å fastsette i detaljplanen.

For område FT0 gjeld følgjande:

- Ved vesentleg rehabilitering, oppføring av nye bygg eller andre tiltak i områda, skal geolog vurdere om det er naudsynt med sikringstiltak mot rasfare.

For område FT og FT0 gjeld følgjande:

- Byggegrense mot sjø skal følgje eksisterande bygnad.

For område FT1 gjeld følgjande:

- Utleigeeiningar (bueiningar) skal trekkast opp frå strandlina. Byggegrense for naustbygg, uthus o.l. mot sjø skal vere 2 meter, målt i horisontalplanet ved alminneleg høgvatn.
- Utforming og plassering av bygningar skal gjerast ut frå omsynet til kulturlandskapet, til tilgrensande handelsstad og til automatisk freda kulturminne (steinalderlokalitet).

For område FT2 gjeld følgjande:

- Eksisterande vegetasjon skal i størst mogeleg grad behaldast rundt ny utbygging.
- Bygg skal utformast i Vestnorsk byggeskikk og med små einingar, maks. BRA=100 m² pr eining.

For område FT3 gjeld følgjande:

- Byggegrense følgjer formålsgrænse

For område FT4 gjeld følgjande:

- Bygg for opphald skal lokaliserast til/ved eksisterande bygg på oppsida av fylkesvegen. Det kan opnast for ombygging, tilbygg og evt. nybygg.
- Tiltak i strandsona skal avgrensast til aktivitetstiltak, møteplassar, brygge e.l.
- Støy skal avklarast som del av detaljreguleringsplanarbeid, inngå i ROS-analyse.

For område FT5 og FT6 gjeld følgjande:

- Det må dokumenterast tilfredsstillande støyforhold, før byggeløyve kan vurderast
- Byggegrense for bygg mot sjø skal vere 2 meter, målt i horisontalplanet ved alminneleg høgvatn

For område FT7 gjeld følgjande:

- Det skal ligge føre geologisk vurdering i høve til rasfare i området, før planarbeid eller tiltak vert sett i verk.
- Støy skal avklarast som del av detaljreguleringsplanarbeid, inngå i ROS-analyse.

§ 3.6 Næring (pbl § 11-9 nr.5 og 6)

Innanfor område for næring (Næ og Næ1-Næ4) gjeld følgjande:

- %BYA skal ikkje overstige 60%
- Gesimshøgde skal ikkje overstige 7m
- Ved bygging lågare enn på kote 3 moh, skal det i søknad om tiltak visast kva tiltak som er planlagd for å redusere skadeverknadane av stormflo. Jfr. og § 7.1.2.

Krav om reguleringsplan (pbl § 11-9 nr.1):

- Område Næ1 og Næ2 skal inngår i reguleringsplan, detaljregulering etter pbl §§ 12-1 og 12-3, før tiltak nemnd i pbl kap. 20 kan finne stad. Byggegrenser vert å fastsette i detaljplan.

For område Næ og Næ0 gjeld følgjande:

- Byggegrense mot sjø skal følgje eksisterande byggnad.

For område Næ0 gjeld følgjande:

- Ved vesentleg rehabilitering, oppføring av nye bygg eller andre tiltak i områda, skal geolog vurdere om det er naudsynt med sikringstiltak mot rasfare.

For område Næ2 gjeld følgjande:

- Krav til estetikk og terrenginngrep skal vektleggast særskilt, ut frå omsyn til innsyn frå Rugsund Handelsstad og frå våningshus (sefrak-registrert).

For område Næ3 gjeld følgjande:

- Området skal ikkje nyttast til industri, men til lett næringsverksemd, t.d. retta mot service, turisme eller liknande.

For område Næ4 gjeld følgjande:

- Området kan nyttast til slipp/verkstad
- Byggegrense mot sjø skal følgje eksisterande bygnad (eksist. lagerhus).
- Krav til estetikk og terrenginngrep skal vektleggast særskilt, ut frå omsyn til innsyn frå Rugsund Handelsstad.

§ 3.7 Andre typar bygningar og anlegg (pbl § 11-9 nr.5 og 6)

Innanfor område for andre typar bygningar og anlegg gjeld følgjande:

- Ved bygging/tiltak lågare enn på kote 3 moh, skal det i søknad om tiltak visast kva tiltak som er planlagd for å redusere skadeverknadane av stormflo. Jfr. og § 7.1.2.
- Område merkt Ha er område for handelsstad.
- Område merkt SA er område for småbåtanlegg
- Område merkt N er område for naustutbygging

For område Ha gjeld følgjande:

- Området omfattar eksisterande handelsstad, verna etter kulturminnelova
- Eksisterande bygningsmasse og tiltak i området med form, volum, estetikk, historie mm er styrande for utvikling av området, og nye tiltak skal skje innanfor rammene for eksisterande tiltak.
- Nye tiltak krev særskilt godkjenning frå kulturstyresmaktene
- Byggegrense mot sjø skal følgje eksisterande byggnad.

Innanfor område for småbåtanlegg (SA og SA1 – SA3) gjeld følgjande:

- Tiltak i sjø krev løyve av hamnemynde, i tillegg til handsaming etter pbl.
- Området omfattar småbåtanlegg i sjø og på land.
- I sjø er det tillate å legge ut båtplassar og båtfeste

- På land er det tillate å legge til rette for plass til opplag og oppføre sjøhus/naust/båthus til reiskap, oppbevaring og liknande.
- Bygg skal utformast i samsvar med lokal byggeskikk, byggast som uthus og kan ikkje innreiast for opphald.
- Utforming av tiltak skal skje ut frå landskapet på staden.
- Byggegrense for bygg mot sjø er 2 meter, målt i horisontalplanet ved alminneleg høgvatn.
- For alle bygge- og anleggstiltak skal det i søknad om løyve visast kva tiltak som er planlagd for å redusere skadeverknadane av stormflo. Jfr. og § 7.1.2.
- Bruksareal for kvart sjøhus skal vere maks BRA=40m²
- Gesimshøgde skal ikkje overstige 4m

Krav om reguleringsplan (pbl § 11-9 nr.1):

- Område SA2 og SA3 skal inngå i detaljreguleringsplan etter pbl §§ 12-1 og 12-3, før tiltak nemnd i pbl kap. 20 kan finne stad. Omfang og løysingar, inkl. byggegrense skal avklarast i detaljplan. Krav til estetikk og landskapstilpassing skal vektleggast i planarbeidet. Molo må plasserast slik at ein oppnår god skjerming for vertilhøva.

For område SA gjeld følgjande:

- Området omfattar eksisterande småbåtanlegg i sjø.
- I planperioden er det tillate å legge ut inntil 5 nye båtplassar området.
- Det må utførast marinarknologiske registreringar før nye tiltak i området
- Ved utforming av nye tiltak, skal det takast særskilt omsyn til Handelsstaden og verneverdiane der.

For SA1 gjeld følgjande:

- Omfattar framtidig småbåtanlegg i sjø.
- Aktivitet i området er tilknytt verksemda i område Næ4
- Krav til estetikk og terrenginngrep skal vektleggast særskilt, ut frå omsyn til innsyn frå Rugsund Handelsstad.

For SA2 gjeld følgjande:

- Omfattar framtidig småbåtanlegg på land og i sjø, der det etablerast båtplassar, båtfeste, molo og sjøhus/naust.
- Det må vere bygd ut minst 2 einingar anten i område H7 eller i område LNFR-B6 før det kan iversetast tiltak i område SA2.

For SA3 gjeld følgjande:

- Omfattar framtidig småbåtanlegg på land og i sjø, der det etablerast båtplassar, båtfeste, molo og sjøhus/naust.

For område N og N0-N11 gjeld følgjande:

- Området omfattar naust, bygd som uthus for oppbevaring av båt, båtutstyr og fiskeredskap eller liknande. Nausta kan ikkje innreiast for opphald.
- Bygg skal utformast i samsvar med lokal byggeskikk
- Inngrep i terreng skal avgrensast til det som er naudsynt for tiltaket.
- Det skal ikkje settast opp konstruksjonar eller gjennomførast tiltak som privatiserer eller hindrar ferdsel langs vasskanten.
- Byggegrense for bygg og anlegg mot sjø er 2 meter, målt i horisontalplanet ved alminneleg høgvatn.
- Bruksareal for kvart naust skal vere maks BRA=40m²
- %BYA skal ikkje overstige 80%
- Gesimshøgde skal ikkje overstige 4m

Krav om reguleringsplan (pbl § 11-9 nr.1):

- Område N1, N2, N4 og N6 skal inngå i detaljreguleringsplan etter pbl §§ 12-1 og 12-3, før tiltak nemnd i pbl kap. 20 kan finne stad. Byggegrense mot veg vert å fastsette i detaljplanen.

- I område N1 skal Krav til estetikk og inngrep i landskapet vektleggast særskilt i planarbeidet, ut frå av omsyn til merkt landskapsområde på Vågsneset.
- I område N2 skal krav til estetikk og omsyn til nærleik til kyrkja, vektleggast særskilt i planarbeidet. Vegtilkomst må løysast i detaljplanen.
- For område N6, skal det ligge føre geologisk vurdering i høve til rasfare i området, før planarbeid eller tiltak vert sett i verk.

For område N og N0 gjeld følgjande:

- Ved vesentleg rehabilitering, oppføring av nye bygg eller andre tiltak innanfor områda N0, skal geolog vurdere om det er naudsynt med sikringstiltak mot rasfare.
- Byggegrense mot fylkesveg, skal vere min. 10 meter frå senterline veg.
- Byggegrense mot sjø skal følgje eksisterande bygnad.
- Ved bygging innanfor/ved merkt landskapsområde på Vågsneset, skal det takast særskilt omsyn til estetikk og inngrep i landskapet, og som skal dokumenterast i byggesøknad.
- Tal nye bygg i planperioden er samla for alle områda merka N og N0, sett til maks. 15.

For område N3 gjeld følgjande

- Det kan oppførast sjøbu/naust med bruksareal inntil BRA=180m², og gesimshøgde inntil 5,5m.
- Byggegrense mot fylkesveg skal vere min. 7 m frå senterline veg.
- Samla tal nye naust/sjøbu i planperioden er avgrensa til 1.

For område N5 gjeld følgjande

- Det må utførast geologisk undersøking i høve til rasfare før løyve til tiltak/utbygging kan vurderast.
- Byggegrense mot fylkesveg skal vere min. 10 m frå senterline veg.
- Samla tal nye naust i planperioden er avgrensa til 1.

For område N7 gjeld følgjande

- Det må utførast geologisk undersøking i høve til rasfare før løyve til tiltak/utbygging kan vurderast.
- Byggegrense mot fylkesveg skal vere min. 10 m frå senterline veg.
- Samla tal nye naust i planperioden er avgrensa til 2.

For område N8 og N9 gjeld følgjande

- Samla tal nye naust i planperioden er for kvart av områda avgrensa til 3.

For område N10 gjeld følgjande

- Nye naust kan førast opp på dei gamle nausttuftene, slik at byggegrense mot sjø og maks. avgrensing av grunnflate, ikkje kan overstige grunnmursrestane frå dei gamle nausta.
- Samla tal nye naust i planperioden er for kvart av områda avgrensa til 1.

For N11 gjeld følgjande:

- Samla tal nye bygg i planperioden er avgrensa til 4.

§ 3.8 Grav og urnelund (pbl § 11-9 nr.5 og 6)

Innanfor område for grav og urnelund gjeld følgjande:

- Område omfattar eksisterande kyrkje og gravplass. Kyrkja er verna etter kulturminnelova.
- Nye tiltak krev særskilt godkjenning frå kulturstyresmaktene

§ 3.9 Kombinert byggeområde (pbl § 11-9 nr.5 og 6)

Innanfor område for kombinert byggeområde (Ko1 – Ko3) gjeld følgjande:

- Ved bygging lågare enn på kote 3 moh, skal det i søknad om tiltak visast kva tiltak som er planlagd for å redusere skadeverknadane av stormflo. Jfr. og § 7.1.2.
- %BYA skal ikkje overstige 60%
- Gesimshøgde skal ikkje overstige 6m
- Bygg og uteområde skal utførast slik at alle brukarar (inkl. rørsle-, orienterings- og miljøhemma) vert sikra tilgjenge.

For område Ko1 gjeld følgjande:

- Område kan nyttast til Forretning, Næringsverksemd og Tenesteyting Tekniske anlegg (brannstasjon).
- Byggegrense mot sjø følgjer formålsgrense.
- Byggegrense mot fylkesveg, skal vere min. 15 meter frå senterline veg.
- Ved utbygging skal estetikk og tilpassa terrenginngrep vektleggast ut frå omsyn til sentrumsutvikling og sentrumspreg.

For område Ko2 gjeld følgjande:

- Område kan nyttast til Forretning og Næring
- Byggegrense mot fylkesveg, skal vere min. 15 meter frå senterline veg.
- Ved utbygging skal estetikk og tilpassa terrenginngrep vektleggast ut frå omsyn til sentrumsutvikling og sentrumspreg.

For område Ko3 gjeld følgjande:

- Område kan nyttast til Forretning, Kontor, Industri og Venterom.
- Området inngår i gjeldande reguleringsplan for kai i Leirgulen, godkjent 10.03.09, og alle tiltak i området skal skje i samsvar med godkjent plan.

§ 4 OMRÅDE FOR SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

§ 4.1 Hamn (pbl §§ 11-9 nr.5 og 6 og 11-10 nr.2 og 3)

Innanfor område for hamn (Ha1) gjeld følgjande:

- Område kan nyttast til kaianlegg og kollektivanlegg
- Området inngår i gjeldande reguleringsplan for kai i Leirgulen, godkjent 10.03.09, og alle tiltak i området skal skje i samsvar med godkjent plan.
- For alle bygge- og anleggstiltak skal det i søknad om løyve visast kva tiltak som er planlagt for å redusere skadeverknadane av stormflo. Jfr. og § 7.1.2.
- Tiltak som kaianlegg, utfyllingar m.a krev løyve av hamnemynde i tillegg til handsaming etter pbl.
- Området skal vere eit offentleg anlegg

§ 4.2 Veg (pbl §§ 11-9 nr.5 og 6 og 11-10 nr.2 og 3)

Innanfor område for veg (V1) gjeld følgjande:

- Område kan nyttast til vegtilkomst til Rugsund handelsstad
- Område V1 skal inngå i detaljreguleringsplan etter pbl §§ 12-1 og 12-3, før tiltak nemnd i pbl kap. 20 kan finne stad. Krav til utforming av veganlegget, slik at det mest mogeleg passar inn i kulturmiljøet vert å fastsette i detaljplanen.
- Området skal vere eit privat anlegg

§ 4.3 Parkeringsplasser (pbl §§ 11-9 nr.5 og 6 og 11-10 nr.2 og 3)

Innanfor område for parkeringsplassar (P og P1) gjeld følgjande:

- Område P omfattar område ved Kolset skule og ved Rugsund kyrkje, og kan nyttast til parkering.
- Område P1 omfattar nytt område ved sjøhusmiljø og molo i Hessevågen, og kan nyttast til parkering.
- Ved utviding av parkeringsanlegg ved Rugsund kyrkje, skal det utarbeidast situasjonsplan i M 1:1000 eller mindre som viser parkerings- og utkøyringsløysing. Situasjonsplan skal godkjennast av vegstyresmaktene, før løyve etter pbl kan gjevast. Ved utforming av parkeringsplass skal det og takast omsyn til Rugsund kyrkje som kulturminne, og tiltak skal godkjennast av kulturstyresmaktene før løyve etter pbl kan gjevast.
- Ved utviding av parkeringsanlegg ved Kolset skule, skal det utarbeidast situasjonsplan for tiltaket i M 1:1000 eller mindre. Situasjonsplan skal godkjennast av vegstyresmaktene, før løyve etter pbl kan gjevast.
- Ved etablering av parkeringsanlegg P1 i Hessevågen, skal det utarbeidast situasjonsplan for tiltaket i M 1:1000 eller mindre. Situasjonsplan skal godkjennast av vegstyresmaktene, før løyve etter pbl kan gjevast. Ferdig planert parkeringsareal skal ha toppdekke ikkje lågare

enn kote +2,3 m. Parkeringsareal skal gjevast ei estetisk og landskapsmessig utforming tilpassa tilgrensande tradisjonelt sjøhusmiljø.

- Områda skal vere offentlege anlegg

§ 5 OMRÅDE FOR LANDBRUK, NATUR OG FRILUFTSLIV SAMT REINDRIFT

§ 5.1 Areal for naudsynte tiltak for landbruk, reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på gardens ressursgrunnlag (LNFR) (pbl §§ 11-11 nr.1)

Innanfor område LNFR gjeld følgjande:

- I ei sone på 30 meter frå sjø er det berre løyve til fasadeendring og deling i samband med innløyving av festetomt.
- Ved oppføring av nye bygningar og anlegg, skal avstand til sjø vere minimum 30 meter.
- Ved oppføring av nye bygningar og anlegg, skal avstand til vassdrag med årssikker vassføring vere min. 30 meter målt frå yste elvekant.
- Gamle vorrar og båttopptrekk kan vedlikehaldast

§ 5.2 Areal for spreidd bustadutbygging (LNFR-B) (pbl §§ 11-11 nr.2)

Innanfor område for spreidd bustadutbygging (LNFR-B1 – LNFR-B6) gjeld følgjande:

- Spreidd utbygging av bustader kan handsamast som einskildsøknader om byggeløyve.
- Ved vesentleg rehabilitering, oppføring av nye bygg eller andre tiltak i område inntil framtidig Fv616 (Bremangersambandet del 2), skal behov for støytilltak vurderast.
- Det kan frådelast bustadtomtar på inntil 2 daa.
- På kvar tomta kan det byggast ein bustad med tilhøyrande uthus, garasje og anlegg.
- Det skal ikkje byggast på fulldyrka mark eller slik at det hindrar fri ferdsel langs sjø og vassdrag.
- Bygg skal vere landskapstilpassa og leggst utanom høgdedrag
- Infrastruktur skal samordnast innanfor kvart delområde.
- Byggegrense mot vassdrag med årssikker vassføring skal vere min. 30 meter målt frå yste elvekant.
- Byggegrense mot sjø, følgjer formålsgrense.
- Gesimshøgde skal ikkje overstige 7m.

For område LNFR_B1 gjeld følgjande:

- Samla tal nye bustadeiningar i planperioden er avgrensa til 4.

For område LNFR_B2 gjeld følgjande:

- Samla tal nye bustadeiningar i planperioden er avgrensa til 3.

For område LNFR_B3 gjeld følgjande:

- Samla tal nye bustadeiningar i planperioden er avgrensa til 4.
- Byggegrense mot fylkesveg, skal vere min. 15 meter frå senterline veg.

For område LNFR_B4 gjeld følgjande:

- Samla tal nye bustadeiningar i planperioden er avgrensa til 3.
- Byggegrense mot fylkesveg, skal vere min. 15 meter frå senterline veg.

For område LNFR_B5 gjeld følgjande:

- Samla tal nye bustadeiningar i planperioden er avgrensa til 2.
- Tomteavgrensing skal skje ut frå omsyn til kraftline, og bygg skal plasserast utanom faresone for høgspenningsanlegg.
- Byggegrense mot fylkesveg, skal vere min. 15 meter frå senterline veg.

For område LNFR_B6 gjeld følgjande:

- Samla tal nye bustadeiningar i planperioden er avgrensa til 4.
- Avkøyrsløse frå framtidig Fv616 skal etablerast i samsvar med godkjent reguleringsplan.
- Byggegrense mot fylkesveg, skal vere min. 15 meter frå regulert senterline veg.

§ 5.3 Areal for spreidd fritidsutbygging (LNFR_H) (pbl §§ 11-11 nr.2)

Innanfor område for spreidd fritidsutbygging (LNFR_H1 – LNFR_H2) gjeld følgjande:

- Spreidd utbygging av fritidsbustader kan handsamast som einskildsøknader om byggeløyve.
- Det kan frådelast tomtar på inntil 2 daa for fritidshus.
- På kvar tomt kan det byggast ut ei hytte
- Største bygg kan vere opp til BRA=150 m²
- Det skal ikkje byggast på fulldyrka mark eller slik at det hindrar fri ferdsel langs sjø og vassdrag.
- Bygg skal vere landskapstilpassa og leggst utanom høgdedrag.
- Infrastruktur skal samordnast innanfor kvart delområde.
- Byggegrense mot vassdrag med årssikker vassføring skal vere min. 30 meter målt frå yste elvekant.
- Byggegrense mot sjø, følgjer formålsgrense.
- Gesimshøgde skal ikkje overstige 6m.

For område LNFR_H1 gjeld følgjande:

- Det må utførast geologisk undersøking i høve til rasfare før løyve til tiltak/utbygging kan vurderast.
- Byggegrense mot offentleg veg skal vere min. 10 meter frå senterline veg.
- Samla tal nye hytteeiningar i planperioden er avgrensa til 3.

For område LNFR_H2 gjeld følgjande:

- Tilfredsstillande støyforhold skal dokumenterast som del av byggesøknaden.
- Avkøyrsløse frå framtidig Fv616 skal skje i samsvar med godkjent reguleringsplan.
- Samla tal nye hytteeiningar i planperioden er avgrensa til 2.

§ 5.4 Areal for spreidd næringsutbygging (LNFR_Næ) (pbl §§ 11-11 nr.2)

Innanfor område for spreidd næringsutbygging (LNFR_Næ1) gjeld følgjande:

- Spreidd utbygging av næringsbygg (reiskapshus, garasje, enkle verkstadbygg o.l) kan handsamast som einskildsøknader om byggeløyve.
- Bygg skal vere tilpassa omgjevnadane
- Byggegrense mot vassdrag med årssikker vassføring skal vere min. 30 meter målt frå yste elvekant.
- Byggegrense mot sjø og mot fylkesveg følgjer formålsgrense.
- Gesimshøgde skal ikkje overstige 7m.
- Største bygg kan vere opp til BRA=350 m²
- Samla tal nye einingar i planperioden er avgrensa til 1.

§ 6. OMRÅDE FOR BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG, MED TILHØYRANDE STRANDSONE

§ 6.1 Farled (pbl §§ 11-11 nr.3)

Innanfor område for farled (Fa) gjeld følgjande:

- Område skal nyttast til trafikkområde knytt til kaianlegg på land.
- Det er ikkje høve til aktivitetar og tiltak som kan hindre allmenn ferdsel på sjøen
- Området inngår i gjeldande reguleringsplan for kai i Leirgulen, godkjent 10.03.09.
- Arbeid og tiltak krev løyve av hamnemynde.

§ 6.2 Småbåthamn (pbl §§ 11-11 nr.4)

Innanfor område for småbåthamn (SH og SH1) gjeld følgjande:

- Tiltak i sjø krev løyve av hamnemynde, i tillegg til handsaming etter pbl.
- Området omfattar småbåthamn i sjø og på land.
- I sjø er det tillate å legge ut båtplassar og båtfeste
- På land er det tillate å legge til rette for plass til opplag og oppføre sjøhus/naust/båthus til reiskap, oppbevaring og liknande.
- Bygg skal utformast i samsvar med lokal byggeskikk, byggast som uthus og kan ikkje innreiast for opphald.
- Utforming av tiltak skal skje ut frå landskapet på staden.

- Byggegrense for bygg mot sjø er 2 meter, målt i horisontalplanet ved alminneleg høgvatn.
- For alle bygge- og anleggstiltak skal det i søknad om løyve visast kva tiltak som er planlagd for å redusere skadeverknadane av stormflo. Jfr. og § 7.1.2.
- Bruksareal for kvart sjøhus skal vere maks BRA=40m²
- Gesimshøgde skal ikkje overstige 4m

For område SH gjeld følgjande:

- Områda omfattar eksisterande småbåthamn på Kolset.
- I planperioden er det tillate å legge ut inntil 5 nye båtplassar i område i sjø.
- På landarealet er samla tal nye bygg i planperioden avgrensa til 3. Byggegrense mot fylkesveg skal vere min 15 m frå regulert senterline veg.

For SH1 gjeld følgjande:

- Omfattar framtidig småbåthamn på land og i sjø.
- Det kan etablerast ein båtslipp i området.
- I planperioden er det tillate å legge ut inntil 5 båtplassar i området i sjø
- På landarealet er samla tal nye bygg i planperioden avgrensa til 1. Byggegrense mot fylkesveg skal vere min 15 m frå regulert senterline veg.

§ 6.3 Fiske (pbl § 11-11 nr.3)

Innanfor område for fiske (KL) gjeld følgjande:

- Området er prioritert til kaste- og låssetting.

§ 6.4 Akvakultur (pbl § 11-11 nr.3)

Innanfor område for akvakultur (A) gjeld følgjande:

- Områda omfattar eksisterande akvakulturanlegg, inkl. fortøyningar.
- Områda er prioritert til akvakultur. Ferdsl og fiske er ikkje tillate for ålmenta innanfor områda.

§ 6.5 Drikkevassforsyning (pbl § 11-11 nr.3)

Innanfor område for drikkevassforsyning (D) gjeld følgjande:

- Områda omfattar eksisterande borehol for drikkevatn.

§ 6.6 Friluftsliv (pbl § 11-11 nr.3 og 4)

Innanfor område for friluftsliv gjeld følgjande:

- Områda skal vere ålment tilgjengeleg.
- Område merkt Fr og Fr1-Fr3 er friluftsområde/badeplass.

For Fr gjeld følgjande:

- Eksisterande friluftsområder i sjø, nytta til bading.
- Tiltak som betrar tilkomst og tilgjenge for friluftsliv i området, er tillate. Andre typer tiltak/konstruksjonar eller bygg er ikkje tillate.

For Fr1 og Fr2 gjeld følgjande:

- Friluftsområder i sjø og på land, som kan nyttast til bading.
- Tiltak som betrar tilkomst og tilgjenge for friluftsliv i området, er tillate.
- Det kan tillatast oppføring av 1 toalettbygg/omkleddnings-/badehus i kvart område, med maks BRA=15 m² og maks gesimshøgde 2,5 m. Bygget er søknadspiktig etter pbl §20-1. I søknad om løyve skal det visast kva tiltak som er planlagd for å redusere skadeverknadane av stormflo. Jfr. og § 7.1.2.
- Byggegrense for bygg mot sjø er 2 meter, målt i horisontalplanet ved alminneleg høgvatn.
- Byggegrense mot fylkesveg skal vere min 15 m frå regulert senterline veg.
- Andre tiltak/konstruksjonar er ikkje tillate

For Fr3 gjeld følgjande:

- Friluftsområde i sjø og på land, som inngår i reguleringsplan for kai i Leirgulen, godkjent 10.03.09. Det er ikkje tillate å oppføre bygg eller andre tiltak/konstruksjonar.

§ 6.7 Kombinert formål i sjø (pbl § 11-11 nr.3)

Innanfor område med kombinert formål i sjø (FFFNF) gjeld følgjande:

- Områda skal nyttast til ferdsel, farled, fiske, natur og friluftsliv.

§ 7 OMSYNSSONER

§ 7.1 Faresone (pbl § 11-8 nr. a, jfr pbl§1-6)

§7.1.1 Ras- og skredfare, H310_

Innanfor faresone ras- og skredfare gjeld følgjande:

- Det kan ikkje gjevast løyve til eller iverksettast tiltak, før det er utført fagkunnig vurdering av om det ligg føre ras-/skredfare i området (faresonekartlegging). Dersom det vert konstatert ras-/skredfare i området, skal denne følgjast opp av fagkunnig vurdering av om området kan sikrast, før evt. løyve eller iverksetting av tiltak.
- Geoteknisk vurdering skal ligge føre ved utarbeiding av reguleringsplan.
- Ovanfor eksisterande busetnad kan kun småflatehogst/gruppehogst utførast innanfor fareområde.

§7.1.2 Flaumfare, H320_

Innanfor faresone flaumfare gjeld følgjande:

- Alle nye kaier, båthamner og asfalterte flater innan planområdet skal ha toppnivå ikkje lågare enn kote + 2,3m. Alle grunnflater i bygg innan planområdet skal ha toppnivå ikkje lågare enn kote + 2,5m, alternativt at det vert gjennomført sikringstiltak som kommunen kan godkjenne og som hindrar inntrenging av sjøvatn.

§7.1.3 Fare høgspenningsanlegg, H370_

Innanfor faresone høgspenningsanlegg gjeld følgjande:

- Utstrekning av faresone under og langs høgspenningslinjer, rekna frå midten av lina, er 6 meter til kvar side. Innanfor området er det ikkje tillate å oppføre bygg eller opparbeide anlegg for leik, idrett eller andre uteaktivitetar tenkt for lengre opphald.

§ 7.2 Båndleggingssone (pbl § 11-8 nr d)

§7.2.1 Kulturminne Rugsund handelsstad, H730_1

- Området omfattar eksisterande handelsstad, freda etter Kulturminnelova. I tillegg omfattar området areal for mellomalder kyrkje og kyrkegard, og to steinalderbuplassar, alle automatisk freda etter Kulturminnelova.
- Tiltak innanfor området må ha særskilt godkjenning etter Kulturminnelova før evt. byggeløyve kan gjevast.
- Nye tiltak i område skal vere godt tilpassa dei freda kulturminna og kulturlandskapet.

§7.2.2 Kulturminne Rugsund kyrkje, H730_2

- Området omfattar Rugsund kyrkje, freda etter Kulturminnelova, med omkringliggende sone.
- Det er ikkje tillate å bygge nærare Rugsund kyrkje enn 60 meter
- Tiltak innanfor området må ha særskilt godkjenning etter Kulturminnelova før evt. byggeløyve kan gjevast.
- Nye tiltak i område skal vere godt tilpassa dei freda kulturminna og kulturlandskapet.

§7.2.3 Kulturminne Strømmen, H730_3 (id.nr. 115 184)

- Området omfattar steinalderlokalitet, automatisk freda etter Kulturminnelova, med omkringliggende sone.
- Lokaliteten ligg i LNFR-område. Enga kan fornyast ned til 10cm under marknivå og med reiskap eigna til grunt jordarbeid.
- Utover nemnde fornying av eng, kan det ikkje gjerast tiltak innanfor området, med unntak av særskilde tiltak godkjent av kulturstyresmaktene.

§7.2.4 Kulturminne Kolset, H730_4 (id.nr. 111 209)

- Området omfattar steinalderlokalitet, automatisk freda etter Kulturminnelova, med omkringliggende sone.

- Det kan ikkje gjerast tiltak (bygg, anlegg, graving, planering mm) innanfor området, med unntak av særskilde tiltak godkjent av kulturstyresmaktene.

§ 7.2.5 Kulturminne Rugsund, H730_5 (id.nr. 169628)

- Området omfattar steinalderlokalitet, automatisk freda etter Kulturminnelova, med omkringliggende sone.
- Lokaliteten ligg i LNFR-område. Enga kan fornyast ned til 10cm under marknivå og med reiskap eigna til grunt jordarbeid.
- Utover nemnde fornying av eng, kan det ikkje gjerast tiltak innanfor området, med unntak av særskilde tiltak godkjent av kulturstyresmaktene.

§ 7.2.6 Kulturminne Rugsund, H730_6 (id.nr. 169621)

- Området omfattar steinalderlokalitet, automatisk freda etter Kulturminnelova, med omkringliggende sone.
- Lokaliteten ligg i LNFR-område. Enga kan fornyast ned til 10cm under marknivå og med reiskap eigna til grunt jordarbeid.
- Utover nemnde fornying av eng, kan det ikkje gjerast tiltak innanfor området, med unntak av særskilde tiltak godkjent av kulturstyresmaktene.

§ 7.3 Sone der gjeldande reguleringsplan framleis skal gjelde, H910_ (pbl § 11-8 nr f)

Innanfor følgjande soner skal gjeldande reguleringsplanar gjelde slik dei er godkjente:

1. Reguleringsplan for Rv 616 Bremangersambandet del 2, Parsell Kolset – Bortnen, godkjent 19.12.2007, stadfest 17.05.2008. Heile reguleringsplanområdet.
2. Reguleringsplan for kaiområde i Leirgulen, godkjent 10.03.2009. Heile reguleringsplanområdet.
3. Reguleringsplan for bustad-/hytteområde på Kolset, godkjent i 1996. Del av reguleringsplanområdet som er regulert til bustad, og som inngår i område B i kommunedelplanen.
4. Reguleringsplan for utbetring av Fv 573, ved Rugsund Kyrkje, godkjent 25.04.1996. Heile reguleringsplanområdet.
5. Reguleringsplan for utbetring av Fv 573, ved Rugsund bru, godkjent 25.04.1996. Heile reguleringsplanområdet.
6. Reguleringsplan for utbetring av Fv 573, ved møteplass Rugsundstraumen, godkjent 25.04.1996. Heile reguleringsplanområdet.
7. Reguleringsplan for Rv 616 Bremangersambandet, Parsell Kolset – Klubben, godkjent 28.02.1995. Delar av reguleringsplanområdet.

RETNINGSLINER

TIL GENERELLE FØRESEGNER (§2)

§2. Generelle føresegner - Krav til kvalitet i reguleringsplanar

Reguleringsplanar skal utarbeidast av fagkunnige. Kart skal leverast til kommunen både i papirkopi i det talet kommunen krev, og digitalt i pdf-format og gjeldande SOSI-format. Kommunen vil gjennomføre mottakskontroll av alle private framlegg til reguleringsplan for å sikre at krava i PBL og kommunen sine krav er oppfylte. Oppdragsgjevar har fullt og heilt ansvaret for å rette opp sine planframlegg etter mottak, fyrste gongs handsaming og etter endeleg vedtak.

§2. Generelle føresegner - Samfunnstrygging

Ved utarbeiding av nye reguleringsplanar/detaljplanar skal det utarbeidast ROS-analyse. I tillegg til sjekklister, skal det takast spesielt omsyn til verknaden av ekstremnedbør på elvar, bekkar, kulvertar, ras- og/eller steinsprang, havnivåendringar og stormflo.

§2. Generelle føresegner - Trafikktryggleik

I rammeplan for avkøyrslar er Fv616 kategorisert i haldningsklasse Mindre streng og Fv 573 kategorisert i haldningsklasse Lite streng.

§ 2.6 Estetisk kvalitet:

I alle plan- og byggesaker er det krav til utgreiing og vurdering av dei estetiske sidene ved tiltaket/planen.

Bygg skal tilpasse seg landskapet, eksisterande byggemønster og bygningsstrukturar. Bygga kan ha eit tradisjonelt uttrykk eller spegle dagens arkitektoniske uttrykk. Mønehøgd, takvinkel, form og materialbruk bør samsvare med nærliggande bygg. Bygg skal leggst i ballanse mellom skjering og fylling. Fylling skal ikkje overstige 1 meter.

Særskilt estetisk analyse skal utarbeidast ved følgjande forhold:

- Der planlagt bygg vil utpeike seg som landemerke, representere markante fjernverknader eller klar bryte med lokal karakter.
- Byggetiltak nær verna eller verneverdige kulturminne
- Byggetiltak innanfor eller nær inntil omsynssone landbruk

§ 2.9 Energi

Tiltakshavar for nye næringsbygg, offentlege bygg og bustadetableringar med meir enn 10 bustadeiningar/byggjefelt skal utgreie energireducerande løysingar, alternative energikjelder og vassboren varme før byggeløyve vert gitt. Installasjon av oljekjel i nybygg eller utskifting av gamle oljekjellar med nye er ikkje tillate.

TIL OMRÅDE FOR LANDBRUK, NATUR OG FRILUFTSLIV SAMT REINDRIFT (§5)

§ 5.1 Areal for naudsynte tiltak for landbruk, reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på gardens ressursgrunnlag (LNFR) (pbl §§ 11-11 nr.1)

Det kan etablerast inntil 2 bustadhus tilknytt tunet for landbrukseigedomar, med eller utan drift. Gesimshøgd skal ikkje overstige 7 m.

I tilknytning til bustad-/våningshus for landbrukseigedomar, kan det oppførast tilhøyrande garasje, reiskapshus og uthus.

TIL SONE MED SÆRLEG ANGITT OMSYN (§7)

§7.1.4 Omsynssone landskap, H550_1 og 2.

Verdiar som skal vektleggast:

- H550_1: Hessevågneset. Kulturlandskap. Strandeng
- H550_2: Gummeholmen. Kulturlandskap. Naturbeitemark, øybruk

Områda bør skjøttast gjennom husdyrbeiting og slått.

For områder der planen tillet bygging skal verdiane vektleggast og takast omsyn til.

For områder der planen viser LNFR, bør det ikkje gjevast løyve til endring av eksisterande terreng ved oppfylling, planering og/eller uttak av massar. Det bør heller ikkje gjevast løyve til oppføring, tilbygging, påbygging, underbygging og plassering av konstruksjonar og anlegg. Tilvarande gjeld for veg, parkeringsplass og landingsplass, samt plassering av mellombelse bygg, konstruksjonar og anlegg.